



## Bompengetakstane i Førdepakken

Gjennomsnittlig inntekt per passering i Førdepakken har sidan start av innkrevjinga vore noko lågare enn føresett i Stortingsproposisjonen, jf. Prop. 137 S (2014-2015). Det er derfor vedtatt å auke takstane for takstgruppe 1 frå kr 26 til kr 30 og frå kr 47 til kr 54 for takstgruppe 2 jf. tabell 1.

**Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Førdepakken i 2017-kr.**

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	Kr 30	Kr 54

### Tilskot til reduserte bompengetakstar

Førdepakken har fått tilskot frå tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor dei største byområda. I tråd med føresetnadene for tilskotsordninga er takstane som no vert kunngjort reduserte med 10 pst. i høve til det dei elles ville vore. Reduksjonen som følgje av tilskotsordninga mefører at takstane kan settast ned til dagens nivå.

### Nye takstar som gjeld frå 01.04.2018:

**Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Førdepakken i tråd med tilskotsordninga for bompengeprosjekt på riksveg utanfor dei største byområda i 2017-kr.**

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	Kr 26	Kr 47

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretninglinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen\*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet\*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt\*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute\*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag\*
- Forflyttingshemma med gyldig parkeringsløyve frå kommunen\*

Fritaksordningar merka med \* føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timeregel og passeringstak på 30 passeringar held fram som i dag.

For meir informasjon: [www.ferde.no](http://www.ferde.no)

**Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.**